

Fra: Morten Storebø (morten.storebo@austevoll.kommune.no)

Sendt: 05.12.2016 10:50:17

Til: Fylkesordfører

Kopi: Anja Heggholmen

Emne: Laksepakkeriet, nattferje

Vedlegg: image001.png

Hei Anne Gine!

Eg vil gjerne følgje opp saka om ein nattavgang i Hufthamar-Krokeide. Dette var tema i møte 25. mai og under besøket ditt til Austevoll 30. juni. På seinsommaren var eg i kontakt med Skyss for å høyre meir om saka, men fekk beskjed om at dei ikkje kunne gi informasjon på grunn av kontraktsforhandlingane. (Eg la godviljen til og tolka det derfor som om ei nattferje var ein del av forhandlingane.)

Då du var i Austevoll gjorde laksepakkeriet greie for kvifor ein slik ny avgang er utruleg viktig, fordi det aukar kapasiteten til anlegget og forsvarar ein eventuell ny investering. Investeringa er i storleiksorden 500 mill. kroner. Dagens rutetilbod, og dersom det blir forlenga, gjer at det ikkje er mogleg å køyre eit siste skift med produksjon, fordi produkta ikkje kjem seg på bil ut av kommunen. Leiar ved laksepakkeriet synleggjorde kor viktig dette er, med omsyn til «levetida» til fisken.

Selskapet skal no avgjere kvar ei utbygging skal skje. For Austevoll og regionen er det svært viktig at denne investeringa skjer på Storebø. Laksepakkeriet er ei utruleg viktig bedrift, med høg sysselsetting, og det er ein umisteleg bestanddel i havbruksnæringa. Selskapet treng derfor ei avgjerd/signal frå fylkeskommunen om denne nattavgongen kjem på plass frå 1.1.2018 når dei nye kontraktane gjer seg gjeldande.

Kan du hjelpe med eit svar på dette?

På førehand takk!

Venleg helsing

Morten Storebø

ordfører

E-postsignatur PNG

E-post: morten.storebo@austevoll.kommune.no

Telefon: 55 08 10 00

www.austevoll.kommune.no

www.facebook.com/austevollkommune